



Ei forkjøling gjorde at skiskyttartalentet Martin Femsteinevik (20) ikkje gjekk skiskyttarsprinten i helga. Han reiste heim etter niandeplassen på normaldistansen.

” – Det er berre til å stikka fingeren i jorda. Eg har ikkje hatt gode nok resultat til å bli tatt ut.

Martin Femsteinevik

VM-håpet heng i ein tynn tråd

Martin Femsteinevik (20) trudde han måtte vinka farvel til billetten til junior-VM etter resultatene i helga. Men i går kom meldinga om at han er på reservelista.

Benjamin Søgner Olsen
benjamin@osogfusa.no

Då skiskyttar-talentet reiste heim frå Noregscup-rennet i Svene i Buskerud, hadde han mista alt håp om ein plass i VM-troppen som reiser til Kviterrussland i februar.

På normaldistansen kom Femsteinevik i mål som nummer ni etter 17 av 20

blinksot. Sprinten stod han over grunna sjukdom.

– Strengt tatt burde eg nok ikkje gått i helga. Eg kjente at eg tok til å bli forkjøla, og er berre blitt verre i løpet av helga, seier han.

Det vesle håpet om å bli ein av fem juniorar med VM-billett forsvann medan sjukdommen gjorde sitt inntog.

– Det er berre til å stikka fingeren i jorda. Eg har ikkje hatt gode nok resultat til å bli tatt ut. Ein vert vurdert ut i frå fire av dei seks beste renna ein har gått. Eg har berre delteke i tre, difor er det overraskande at eg i det heile tatt er på reservelista, seier Femsteinevik.

Skuffa over skytinga

Sist «Os og Fusaposten» snakka med

Femsteinevik, sa han at om det blei tredjeplass eller betre denne helga, var det ein liten sjanse for at han kunne bli tatt ut til VM. Niandeplassen i Noregscup-rennet, hjelpte ikkje Femsteinevik, som følte han gjekk godt trass i sjukdom.

– I og med at eg ikkje var heilt i form, er eg godt nøgd med tida i sporet. Det er på skytinga eg sviktar, med ein bom eller to for mykje, seier han.

– Men 17 av 20 treff er vel ikkje verst?

– Nei, men eg følte at eg hadde god kontroll, og at eg kunne treft betre. Det er sjølvstakt snakk om små detaljar og marginar, men eg er litt skuffa over skytinga, seier han.

Sesongen går mot slutten, men det finst framleis grunnar til å finna toppforma.

– Eg legg ikkje opp til å ha toppform under junior-VM slik det ser ut no, men eg vil jobba slik at eg kan endra fokus om noko skulle oppstå med dei andre. Elles er fokus retta mot junior-NM i slutten av februar, og senior-NM som går av stabelen 25. mars, fortel Femsteinevik.

Heilt til topps

Det var mange andre enn Martin Femsteinevik i sving frå Hålandsdal IL i helga. Den som hevda seg sterkast var Heidi Berlandstveit som gjekk heilt til topps i kvinneklassen på normaldistansen.



Det er fleire osingar som spring orientering. Her er Elise Rognsvåg i aksjon i samband med KM i Os for eit par år sidan. (Privat foto)

OK å trenna med OK

Laurdag inviterer Os Orienteringsklubb (OK) til første utgåve av Os-serien. Orienteringsløpa vil bli arrangert med jamne mellomrom utover våren.

Kenneth Svenningsen
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Den nystarta klubben i Os har eit klart ønske om å rekruttera fleire utøvarar til sporten. Alt førstkomande laurdag arrangerer dei første treningsløp i det dei har valt å kalla Os-serien.

– Løpet startar på Os ungdomsskule. Løpet passar ypparleg for nybyrjarar. Det går i lett terreng og både unge, gamle og dei midt i mellom er hjarteleg velkomne til å vera med, seier Marie Pontoppidan i Os Orienteringsklubb.

God hjelp

Deltakarane vil få kyndig rettleiing på

staden.

– Det er ingen føresetnad å ha god kjennskap til korleis ein bruker kart og kompass. Me har erfarne løparar på plass. Dei vil instruera dei som møter opp, seier Pontoppidan.

Neste løp i Os-serien vert laurdag 21. februar. Deretter vil det bli løp på utvalde laurdagar og torsdagar utover våren.

– Orientering er ein flott idrett med både fysiske og mentale utfordringar. Mange vil tru at løparane held til djupt inne i skogen, men orienteringsløp kan også arrangerast i meir urbant terreng, seier Pontoppidan.

Når det vert lysare om kveldane, startar OK med faste torsdagstreningar.

– Dei mest ivrige orienteringsløparane spring også nattløp. Sist onsdag var klubben vår representert i eit nattløp på Dyngelandsåsen. Her vart Tommy Sævareid nummer 23 blant i alt 116 startande, fortel Pontoppidan.